



**Møtebok**  
**IS Fjordvegen Rute 13**  
**Styremøte 16.06.2014**  
**Stad: Kviknes hotel, Balestrand**  
**Klokka 16.00 -17.10**

**Møtte:**

Arne Kleppa, Marta Finden Halset, Sigbjørn Hauge, Bjørn Laugaland, Harald Offerdal.  
Forfall: Per Kåre Foss, John Opdal, Anders Ryssdal, Einar Horvei  
Sekretariatet: Leiv Vambheim, Trude Rinaldo og Hanne Sundbø frå Hardangerrådet iks.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Meldingar:**

**Sak 18/14    Årsmøtet – Praktisk gjennomgang**

Vedtak:

Registrering av frammøte ved sekretær.

Val av møteleiar: Marta Halset føreslår Arne Kleppa

Val av møtesekretær: Arne Kleppa føreslår Leiv Vambheim

Val av to til å skriva under møteboka: Arne føreslår Harald Offerdal og Marta Halset

Val av Valnemnd: Hans Petter Thorbjørnsen, Nils Moldøen, Trude Underbakke.

**Sak 19/14    Ny varreide Rapport – Omfang**

Vedtak:

Is Fjordvegen kjøper ny Attraktivitetsanalyse frå Telemarkforskning ved Knut Vareide utan NæringsNM for 2013. Pris 60.000.

**Sak 20/14    Status Årskonferansen - Hanne orienterar**

Det er om lag 30 deltakarar. Det er førebels ingen endringar i programmet. Arne Kleppa er konferanseleiar. Sogn Avis har meldt sin ankomst. Det vert laga pressemelding med bilete som Hanne har ansvaret for.

**Sak 20/14    Fast Post: Gjennomgang av status for RV 13:**

Sogn og Fjordane:

- Ikkje noko nytt om Vikafjellstunnelen. Marta har vitja Statsekretær Bård Hogsrud for å påskunda prosessen. Målsetjing oppstart første del av siste periode av inneverande NTP.
- Samling av dei 3 kommunane rundt Gaularfjellet med eit opplegg for å re-engasjera arbeidsgruppa for utvikling med Sunnfjord Næringsutvikling er sekretær. Politisk forankring er sikra i 3 kommunestyre. Det er naturleg at IS Fjordvegen aktivt samarbeider med denne arbeidsgruppa.

- Halvtimesferjer Vangsnes Dragsvik Hella – Det er teke kontakt med Departementet, Vegdirektoratet og Vegkontoret og det ser ut til at dette vert med i nye anbod for ferjetrafikk i Sogn og Fjordane.

#### Hordaland:

- Arbeidet med ny veg gjennom Skulestadmoen er snart ferdig.
- Jobergtunnelen er godkjent i Stortinget og skal ha oppstart haust 2014
- Hardangerbrua ligg framleis under trafikkprognosane. Om lag 80 % pr no.
- Møte om E134 i Røldal omhandla Tunnelalternativa ved Seljestad/Røldal/Haukeli.

#### Rogaland:

- Ryfast har full framdrift og får klage på anleggsaktivitet
- Årdalstunnelen har planarbeid i gang.
- Lovra har framleis mange ras og skal vera pri 1 på Rv 13 i Rogaland og ein kan gå beint på ein reguleringsplan.
- Sandsfjord bru har jamn framdrift.

Leiv Vambheim  
sektretær